

Kulturdepartementet

postmottak@kud.dep.no

Høyringsuttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA) om **NRK-plakaten**

Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjon for over 110 lokalaviser landet rundt. LLA arbeider med rammevilkår frå spørsmål knytt til ytringsfridom, til innsyn og pressestøtte. Dei siste åra har LLA satsa tungt på å hjelpe lokalavisene med digital satsing og innovasjon knytt til dette. LLA har og eit omfattande kompetansearbeid med drift av idébank, rådgjeving og har årleg over 500 lokalavismedarbeidarar på skreddarsydd faglege kurs og seminar. LLA har kontinuerleg tiltak for å hjelpe lokalavisene til å laga stadig betre og viktigare journalistikk i sine lokalsamfunn.

Viser til høyringsbrev datert 29.november 2021.

LLA vil kome med synspunkt på korleis NRK kan bidra til å styrke lokalt mediemangfald.

Hovudpunkt frå LLA

- NRK er ein allmennkringkastar som leverer høg kvalitet, og fyller viktige funksjonar for innbyggjarane, ikkje minst som fellesarena. Med den sterke offentlege finansieringa av NRK må institusjonen vere ein ansvarleg og rettferdig medieaktør som er audmjuk overfor andre mediegrupper, også dei aller minste lokalavisene. NRK bør først og fremst dyrke sin profesjonalitet og høge kompetanse som lyd- og bildemedium fordi Noreg treng ein sterk og truverdig forvaltar av dette.
- NRK må ikkje svekke dei private redaktørstyrte medienes brukarbetaling! I krevjande tid i annonsemarknaden er brukarbetaling heilt avgjerande for dei private redaktørstyrte medienes finansiering av journalistikken. NRK må ikkje ha ein publiseringsstrategi som gjer at brukarar ikkje teiknar abonnement. NRK bør ikkje ha som mål å laga lokale nettaviser.
- NRK sitt ansvar for å bidra til mediemangfald må gjerast tydeleg i NRK-plakaten. NRK har dei siste åra vist vilje til å bidra med ressursar til samarbeid med lokalaviser. Det journalistiske prosjektet mellom NRK-LLA/-medlemsavisene-SuJo med tittelen *Den store folkevandringa* er eit føredøme der samarbeidet gav over 700 publiserte saker i nær 70 lokalaviser. Dette er det største journalistiske samarbeidet i Europa. Med sin kompetanse og ressursar bidrog NRK til viktig journalistikk og styrking av lokalavisene. NRK laga også gode egne saker. Slikt samarbeid må vere kontinuerleg arbeid og gjerast forpliktande i NRK-plakaten.

Vurderingar

I ei ny og endra medieverd er det mange både gamle og nye utfordringar. Men dei overordna målsettingane for mediepolitikken ligg fast. Det at innbyggjarane opplever at det er reell ytringsfridom gjennom eit mangfald av seriøse lokale, regionale og riksdekkande redaktørstyrte nyheits- og aktualitetsmedier av høg kvalitet og med god, uavhengig journalistikk under fana til pressas etiske normer. Å nå desse måla gjer seg ikkje sjølv og det krevst ein aktiv mediepolitikk med eit sett av virkemiddel, både direkte og indirekte støtteordningar. Det krev og tiltak som ikkje kostar direkte, men som gjer arbeidet for media lettare og gir betre journalistikk for innbyggjarane. Det er viktig å ikkje setje i spel det som har fungert over tid som fritak for avgift på journalistikk, produksjonstilskott til lokalaviser, nr.2- og riksaviser, samiske aviser og nokre andre avisgrupper, konsesjon for etermedia, støtte til ellers reklamefinansierte TV2 som allmennkringkastar lokalisert i Bergen og eit offentleg tungt finansiert NRK.

NRK som allmennkringkastar har til nå i liten grad vore til hinder for at Norge er i verdstoppen i mediemangfald, men store endringar i medieøkonomien gjer det viktig å vere på vakt.

LLA vil og få uttrykke at NRKs publiseringsstrategi dei siste åra har tatt meir omsyn enn tidlegare til medier som er avhengig av brukarbetaling for å betale for journalistikken. Vi ser at kombinasjonen av redaktøren i NRK sin fridom og å ta sjølvstendig ansvar for mediemangfaldet er krevjande. Men det viktig at NRK byr på seg sjølv og sine store ressursar og kan bidra til å styrke journalistikken i kommersielle medier og spesielt lokalaviser.

LLA ser at dekkinga av det regionale nivået er svekka og at det kan vere naturleg at NRK får eit tydelegare mandat om å fylla dette journalistiske tomrommet. Men vi har og forståing for reaksjonane for private redaktørstyrte medier som har regionale ambisjonar. Her må ein finne balansen mellom eit behov for samfunnet og ein publiseringsstrategi frå NRK som gir balanse mellom dei forskjellige media.

Med den sterke offentlege finansieringa av NRK er det naudsynt å til ei kvar tid vere på vakt mot at NRK ikkje svekker dei private redaktørstyrte mediene ved å ha ein publiseringsstrategi på nett som gjer at brukarar ikkje teiknar abonnement. NRK må ikkje publisere på nett liknande tilbod som dei private mediene og slik direkte konkurrere om dei same lesarane. I ei krevjande tid i annonsemarknaden er brukarbetaling heilt avgjerande for avisene. Avisene arbeider knallhardt med å få lesarane til å betale for digitalt innhald og då vil alt som svekkjer slik betalingsvilje vere uheldig. Det er viktig at NRK ser dette, at dei finn avgrensingar i nettpubliseringa og istadenfor gjennom samarbeid kan bidra til å styrke lokalavisene i lesarmarknaden. Med andre ord at NRK prioriterer å utføre det klassiske oppdraget som allmennkringkastar med produksjon av lyd og levande bilete. Dette kan gjerast endå tydelegare i NRK-plakaten. Her må det vere muleg å finne avgrensingstiltak, slik ein og arbeider med i våre nordiske naboland.

NRK og samarbeid med lokalavisene.

NRK har dei siste åra vist vilje til å bidra med ressursar til samarbeid med lokalaviser.

Samarbeidet mellom NRK-LLA/Medlemsavisene med tittelen *Den store folkevandringa* er eit føredøme. Her baud NRK på sine ressursar til å gjere research, medan lokalavisene tok det store materialet av ny og interessant fakta vidare med publisering av viktig journalistikk. Her bidrog og SUJO med sin kompetanse til å utvikle sakene. Over 700 saker er publisert i 68 lokalaviser gjennom dette samarbeidet, som slik er det største kjente journalistiske samarbeidet som er gjennomført i Europa. Slik bidrog NRK til viktig journalistikk og dermed styrking av lokalavisene. NRK på si side kunne og dra nytte av prosjektet gjennom å lage eigne saker, og ta temaet inn i programmet Debatten.

Slikt samarbeid der NRK bidreg til god og viktig journalistikk i lokalavisene landet rundt bør gjerast forpliktande i NRK-plakaten. Dette kan gjerast gjennom presisering av §14.

(I dag: § 14 NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt).

Gjennom fast samarbeid vil og NRK kunne overføre kompetanse på mange område, men særleg for å gjere journalistikken i lokalavisene endå betre og viktigare.

Vi trur og at NRK vil har nytte av å utvikle fast samarbeid med lokalavisene både med redaksjonelt innhald og kompetanse om og frå lokalsamfunn landet rundt. Det er og interessant å merke seg at fleire lokalaviser fortel at samarbeidet mellom lokalavisa og NRK fram til det siste har gått mest til NRKs fordel ved førespurnad om å få tilsendt bilete og informasjon om hendingar lokalt. Dette gjeld i stor grad "blålyssaker" og andre hendingar. Her har med andre ord NRK ei stor oppgåve.

NRK bør prioritere produksjon av eigne, unike saker. Fleire viktige område som kan bety noko for NRKs innverknad på mediemangfoldet kan ikkje regulerast, men vil vere avhengig av NRKs strategi og praksis. I mange tilfelle vil det vere snakk om at NRK må vere tilbakehaldne for å ikkje ha ein praksis som er til skade for lokalavisenes brukarbetaling. Enkelte lokalaviser framhevar at det er uheldig når NRK publiserer eigne nyhendesaker raskt og der det er opplagt at det er saker i lokalavisa som er grunnlaget. I det daglege er det viktig at NRK med sin praksis ved sitering bidreg til å gje lokalavisene meir trafikk og ikkje motsett.

Teknologi og arkiv

Mykje av teknologien NRK utviklar og brukar er og/eller kan truleg tilpassast slik at den er til nytte også for andre. Spesielt uavhengige lokalaviser slit med ressursar og kompetanse til å skaffe seg og bruke framtidretta digital teknologi. Her har NRK bidrege meir i seinare år, men det hadde vore bra å få det meir formalisert og gjort tydelegare kva NRK faktisk kan tilby. Enklare tilgang til NRKs ferske saker og arkivsaker gratis (evt. til rimeleg sjølvkost) kan og styrke lokalavisene.

Ved eit systematisk, kontinuerleg og raust samarbeid med lokalavisene og slik styrke dei slik at dei lukkast i lesarmarknaden vil NRK bidra vesentleg til mediemangfaldet.

Lokalavisene er sjølve grunnfjellet i mediemangfaldet i landet vårt. Det er lokalavisene som formidlar det som vedkjem livet til innbyggjarane som skule, arbeid og fritid. Det er lokalavisene som følgjer den lokale politikken som har betydning for tenestetilbodet til alle, frå barnehage til skule og omsorg. Det er slik meir enn festord å hevde at dei er lim og lupe i sine lokalsamfunn.

Oslo / Kviteseid / Husnes

Med venleg helsing Landslaget for lokalaviser

Tomas Bruvik, generalsekretær

Øystein Øygarden styreleiar

Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og i alle delar av samfunnet og som er med på å skape eit gjennomsiaktleg samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitre. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.